



Direktoratet for mineralforvaltning
med Bergmeisteren for Svalbard

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Dato: 27.02.2023
Vår ref: 23/00188-2
Deres ref: 201104057-112

Fråsegn til høyring av søknad om Hemsil 3 kraftverk i Gol og Hemsedal kommunar

POST- OG BESØKSADRESSE

Ladebekken 50
7066 Trondheim

TELEFON + 47 73 90 46 00

E-POST post@dirmin.no

WEB www.dirmin.no

GIRO 7694.05.05883

SWIFT DNBANOKK

IBAN NO5376940505883

ORG.NR. NO 974 760 282

SVALBARDKONTOR

TELEFON +47 79 02 12 92

Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 31. januar 2023.

DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineral. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter vassdragsreguleringsloven.

Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å unngå at viktige førekomstar blir gjort utilgjengeleg av arealbruk som hindrar framtidig utnytting.

Om saken

E-CO Energi as skal utvide kraftverket Hemsil 2 i Gol kommune med eit aggregat som heiter Hemsil 3. Slukeevnen aukast og falltapet reduserast. Det vert eit betre nytte av vatnet i eit allereie utbygd vassdrag. Prosjektet er eit opprustings- og utvidingsprosjekt.

Det skal byggjast ny tunell i fjell parallelt med eksisterande tunell til Hemsil 2, og kraftstasjonen vert liggande i fjell. Massane frå den nye tunellen og kraftstasjonen vil plasserast i fleire av deponiane som ble nytta for Hemsil 2 utbygginga, då disse er tømt. Det vil og etablerast ein svingesjakt og eit mindre deponi ved Eliberget og eit nytt deponi ved Domholt.

Fråsegn frå DMF

Ut i frå DMFs kartgrunnlag kan vi sjå at tunellen vil gå gjennom Hovet masseuttak. I DMF sitt uttaksregister er dette eit meldepliktig uttak i drift¹. Det må derfor vurderast om det er mogleg å kombinera tunell med masseuttak. Eventuelle konsekvensar for masseuttak som følgje av ny tunell må og komme fram i konsekvensanalysen.

¹ DMFs kartinnsyn: <https://minit.dirmin.no/kart/>



Det opplyst om at planlagt tiltak genererer ca. 920 000m³ masse, som skal mellomlagrast i deponier før de nyttast til samfunnsmessige føremål. DMF er positive gjenbruk av tomme deponier og til vurderinga om at det er ynske om å nytte lokale massar til nærliggande prosjekter som har behov for meir masse både med bakgrunn i god ressursforvaltning og i forbinding med eit klimaomsyn.

For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på www.dirmin.no. Her finn du og vår digitale kartløysning, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

Med helsing

Hilde Marie Lingstad
seksjonssjef

Kristine Bye
rådgivar

Dokumentet er elektronisk signert og har difor ikkje handskrivne signaturar.
Sakshandsamar: Kristine Bye

Mottakarar:

Norges vassdrags- og
energidirektorat

Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Kopi til: